



Nordhordland Utviklingsselskap IKS  
Postboks 13  
5902 Isdalstø

Dato: 30.06.2015  
Vår ref.: 2014/20763-11  
Saksbehandlar: karnybo  
Dykkar ref.:

## **KLIMAPLAN FOR HORDALAND 2015 - TILSEGN OM TILSKOT INNTIL KR 100.000,- TIL NORDHORDLAND UTVIKLINGSSLESKAP IKS TIL PROSJEKTET «TA VARE PÅ MATJORDA»**

Klimaplantilsegn nr 10-2015

Viser til Dykkar prosjektskildring motteke 01.06.2015 og revidert budsjett 30.06.2015.  
Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 100.000,- til prosjektet «Ta vare på matjorda».

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland.  
De må oppmode om utbetaling av tilsegna innan 01.12.2015.

### **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Store utbyggingar til næring og bustad i Nordhordland gir store overskot av jord- og steinmassar som må handterast. Kommunane har hatt ulike tilnærmingar til å løyse slike utfordringar og det manglar felles forvaltingspraksis for å finne samfunnsmessig forsvarleg handsaming. Matjord og andre massar bør reknast som ein ikkje-fornybar ressurs og det er klimakonsekvensar knytt til bruken av desse.

Det skal utarbeidast ein rettleiar for kommunal sakshandsaming der det eksisterande lovverket vert gjennomgått. Rettleiaren skal sjå på korleis og når massehandtering bør/må inn i areal- og reguleringsplanar, samt gå gjennom ansvar og rutinar for å følgje opp tiltak.

### **2. PROSJEKTORGANISERING:**

Prosjektansvarleg: Nordhordland Utviklingsselskap IKS  
Prosjektleder: Tonje Husum Aarland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS)

Arbeidsgruppe: Asbjørn Toft (Austrheim kommune), Kjartan Nyhammer (Lindås kommune), Laila Bjørge og Marius Flemmen Knudsen (Meland kommune)

### 3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

<b>Godkjende kostnader</b>	<b>Sum</b>
Prosjektleiar (30 % årsverk med kostnader)	200 000
Arbeid / timar i ulike kommunar, styringsgruppe, referansegruppe, arbeidsgruppe.	200 000
Kjøp av tenester (layout, redigering m.v.)	50 000
Møter / reiser	50 000
Kurs/seminar/informasjonsstiltak	50 000
Administrasjon, diverse trykking m.v.	50 000
<b>SUM</b>	<b>600 000</b>
<b>Godkjend finansieringsplan</b>	
Fylkesmannen i Hordaland, skjønsmidler	300 000
Hordaland fylkeskommune, Klimaplan 2015	100 000
Eigeninnsats Nordhordland Utviklingsselskap IKS (prosjektleiar, administrasjon og dagleg leiar)	50 000
Eigen finansiering kommunar (arbeid i kommunane, i prosjekt- og styringsgruppe)	150 000
<b>SUM</b>	<b>600 000</b>

### 4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsinntak må signere vedlagte akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsinntak har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsinntak å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

#### Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsinntak sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:
  - ◇ Bakgrunn for prosjektet
  - ◇ Mål med prosjektet
  - ◇ Oppnådde resultat
  - ◇ Vurdering mot oppsette mål
  - ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
  - ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

### Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er mottoke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med rekneskap til fylkeskommunen.

### Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Klage/innsyn i dokumenta

- Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.
- Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Karen Nybø, 55 23 93 18, karen.louise.nybo@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Med helsing

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
Seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema

Kopi: Regionalavdelinga, v/økonomi  
Kontostreng 10. 160.402.00

**Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.**

## AKSEPTSKJEMA for Klimaplan for Hordaland 2015

Prosjektnamn: Ta vare på matjorda	Tilsegnsnr : Klimaplan 10-2015
Tilskot inntil kr: 100.000,-	
Tilskotet gjeld til : 01.12.15	Vår ref. 2014/20763

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Tilsegnsmottakar: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....  
Prosjektansvarleg

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**